



Jnr. 1077.19  
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland  
Ordførar og rådmann i Fusa kommune  
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune  
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

### **INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND**

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

**fredag, 21 juni kl. 09.30 MCE, Tongane i Etne.**

#### **Då vert føre:**

- |           |  |
|-----------|--|
| Sak 27/19 | Godkjenning av referat frå møte 10. mai 2019   |
| Sak 28/19 | Strandrydding  |
| Sak 29/19 | Handsaming av saker i Samarbeidsrådet  |
| Sak 30/19 | Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet   |
| Sak 31/19 | Utviding av Samarbeidsrådet  |
| Sak 32/19 | Skriv og meldingar   |
|           | a) Styrking av det regionale næringsfondet   |
|           | b) Orientering frå møte med Atheno og Stord Næringsråd - samlokalisering               |
|           | c) Oppfølging frå møte i Kommunal og Moderniseringsdepartementet vedrørende Strandsone |
|           | d) Avvikling av koparnettet til Telenor  |
|           | e) Arbeid mot Merket for bærekraftig reisemål  |
|           | f) Miljøsertifisering av kommunane   |
|           | g) Konstituert sorenskrivar i Sunnhordland tingrett                                    |
| Sak 33/19 | Ymse   |

#### **Tidsplan:**

- |              |   |
|--------------|---|
| Kl. 09.30    | Orientering om MCE v/ dagleg leiar Eldar Tranøy |
| Kl. 10.00    | Saker til handsaming                            |
| Ca Kl. 11.30 | Lunsj   |
| Ca kl. 12    | Omvisning på Etne Omsorgssenter                 |

Sunnhordland, 13 juni 2019

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 21.juni 2019 kl. 09.30

MCE, Etne

Sak 28/19

GJG/rr

### **STRANDRYDDING**

Forsøpling av kysten og havet vårt er som kjent ei av dei største utfordringane i vår tid. Å løysa denne utfordringa krev stor innsats lokalt, nasjonalt og globalt. Dette er også ei sak Samarbeidsrådet har diskutert ved fleire høve, seinast då me var i Brussel tidlegare i år.

I Sunnhordland har SIM lagt til rette for strandryddeaksjonar. Mange frivillige melder seg kvart år og gjer ein viktig innsats for å halda strendene våre reine. Problemet er likevel svært omfattande, og ein del av avfallet er utilgjengeleg for frivillige utan båt og spesialutstyr, slik at ein ikkje greier å rydda alt avfallet gjennom ryddeaksjonane.

I tillegg til aksjonane er det difor behov for nokon som jobbar med dette kontinuerleg og som har tilgang på båt med nødvendig utstyr slik at ein når inn til meir utilgjengelege område og kan ta hand om større og meir uhandterleg avfall. SIM har tidlegare hatt ei midlertidig prosjektstilling på dette, men på grunn av usikker finansiering vart den avslutta i 2018.

Ordførar Gaute Epland, Stord kommune ynskjer at me i Sunnhordland fører an når det gjeld opprydding av plast og anna avfall langs kysten og føreslår at Samarbeidsrådet drøftar om me skal etablere eit felles strandryddingsprosjekt i Sunnhordland.

Arbeidsutvalet drøfta innspelet frå Epland, og var svært positive til at Samarbeidsrådet tek tak i dette, og prøver å rigga eit prosjekt i løpet av hausten 2019.

Dette er eit prosjekt som og må involvera næringslivet og særleg næringar knytt til sjø.

### **Framlegg til vedtak**

1. Samarbeidsrådet går inn for etablering av eit felles strandryddeprosjekt
2. Prosjektplan med framlegg til organisering, kostnad og finansiering skal leggjast fram til godkjenning i møte 6.september.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 21.juni 2019 kl. 09.30

MCE, Etne

Sak 29/19

GJG/rr

### HANDSAMING AV SAKER I SAMARBEIDSRÅDET

Samarbeidsrådet har i snitt 6-7 ordinære møter i løpet av året. Det same har arbeidsutvalet. Ved ulike høver kjem det opp saker som krev ei avgjerd i mellom møta. Då har gjerne administrasjonen sendt ut ei sak på mail, og bede om framlegg til endring og / eller tilslutnad til saka. Styreleiar har stilt spørsmål ved korleis desse sakene skal handsamast, og ber om at dette vert ei sak i møte.

Dette er ofte saker som handlar om :

1. Støtte til saker og prosjekt.
2. Punkt 1 + medspelar, hobby-lobbyist.
3. Overtar eigarskapen til saker og prosjekt på vegner av alle, fleire eller éin av kommunane.

I utgangspunktet skal rådet fatta vedtak i sine møter, men kan og gjennomføra sakshandsaming pr. e-post

I styreinstruks for Samarbeidsrådet for Sunnhordland står følgjande om sakshandsaming:

#### **1. SAKSFØREBUING**

*Dagleg leiar skal førebu saker som skal handsamast av styre i samråd med styreleiar. Ei sak skal førebuast og framleggast slik at styret har eit tilfredsstillande handsamingsgrunnlag, som forslag til vedtak.*

#### **2. SAKER SOM SKAL HANDSAMAST**

*Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsamar planar og fattar vedtak i alle saker av stor verdi for selskapet og saker som etter selskapets forhold er av vesentleg art. Styre skal føra tilsyn med at selskapet vert leia i samsvar med vedtak fatta av Representantskap, vedtektene og lovgjevinga.*

##### **Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal:**

- Fastsetja retningslinjer for arbeidsdeling mellom styre og dagle leiar samt arbeidsoppgåver for dagleg leiar.
- Føra tilsyn med dagleg leiar.
- Føra tilsyn med selskapet sin organisasjon, rekneskapsfunksjon, internkontroll (IKT), helse- miljø og sikkerhet (HMS) og budsjettering.
- Foreta oppfølging av budsjett og anna rapportering

### **3. MØTE I SAMARBEIDSRÅDET**

*Samarbeidsrådet skal som hovudregel handsama saker i møte. Årsrekneskap og årsmelding skal alltid handsamast i møte.*

*Saker av vesentleg verdi for selskapet, investeringar og andre avtalar av stor verdi, planar om endring og omorgansiering av verdi for Samarbeidsrådet og organisasjonen skal handsamast i møte.*

*Det enkelte medlem kan krevja at styre handsamar bestemte saker.*

*Samarbeidsrådet kan treffa vedtak når meir enn halvdelen av medlemmane er tilstades eller deltar i styrebehandlninga. Styre kan likevel ikkje treffa vedtak utan at alle medlemmene så vidt som mogleg er gitt høve til å delta i handsaminga av saka.*

*Eit vedtak krev at fleirtalet av dei medlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved stemmelikhet gjeld det som styreleiar stemmer.*

#### **Vurdering**

Administrasjonen meiner det er ulike utgangspunkt for saker som må avgjerast mellom dei ordinære møta. Nokre saker er nye, andre er oppfølging av tidlegare saker.

Eit døme på det siste er saka om Tingretten. Denne saka hadde Samarbeidsrådet drøfta, og ein var samde om å arbeida for ei samanslåing av Hardanger og Sunnhordland tingrett.

Saka som kom på mail, der administrasjonen ba om tilslutnad til eit brev til Justisministeren om å utsetja Domstoladministrasjonen sitt vedtak om samanslåing av Haugaland og Sunnhordland tingrett, var ei oppfølging av tidlegare vedtak. Den saka hadde det ikkje vore nødvendig å senda ut til Samarbeidsrådet, då det var ei oppfølging av tidlegare vedtak.

Nye saker som kjem opp i mellom møta, skal som hovudsak sakshandsamast og leggest fram i møte med ei saksutgreiing.

Dersom dette ikkje let seg gjera, bør administrasjonen konferera med styreleiar, og event. arbeidsutvalet for vidare saksgang og avgjerd.

Saker skal som hovudregel uansett ha ei skriftleg sakshandsaming og følgja kommunelova.

Saker som vert avgjort utanom ordinære møter skal koma som referat til møta.

#### **Framlegg til vedtak**

I saker som tidlegare har vore til handsaming og der Samarbeidsrådet har fatta vedtak, har styreleiar og dagleg leiar fullmakt til å følgje opp rådets standpunkt i møter og brev så lenge dette ikkje strir mot rådets intensjon.

I saker som har vore til handsaming, men der det skjer endringar i saka som endrar føresetnader og intensjonen til Samarbeidsrådet, så krev dette ny handsaming i rådet.

Dersom det er trong for rask handsaming, så kan dette skje i form av fjernmøte (telefonmøte) eller skriftleg sakshandsaming (handsaming pr. e-post). Styreleiar avgjer møteforma. Slik sakshandsaming skal følgje føresegnene i forskrift om fjernmøte og sakshandsaming.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 21.juni 2019 kl. 09.30

MCE, Etne

Sak 30/19

GJG/rr

### **AUKA SAMARBEID GJENNOM SAMARBEIDSRÅDET**

#### **Bakgrunn**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er ein viktig møteplass for ordførarane og rådmennene i regionen. Samarbeidet finn ikkje berre stad i møta, men også i kvardagen elles, mellom dei enkelte rådsmedlemmane. Det er også etablert samarbeid på nokre fagområde der alle eller fleire av medlemskommunane er med. Dette er ein verdifull meirverdi av Samarbeidsrådet, der erfaring og kompetanse blir delt, og det blir gitt råd og rettleiing som medverkar til å styrke saksbehandling og drift av kommunane i Sunnhordland.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har gode føresetnader for å vere ein tilretteleggjar for endå meir samarbeid mellom kommunane. For å oppnå dette vil det vere hensiktsmessig at rådet skapar nye møteplassar for fleire leiarar i kommunane. Målsettinga er at den låge terskelen ordførarar og rådmenn har til å kontakte og rådføre seg med kvarandre, skal vere lik for til dømes kommunalsjefane i Sunnhordland.

På same tid er det ønske om at denne målsettinga kan nåast så enkelt som mogleg. Det er ikkje trong for faste, nye komitear i rådet, slik AU og rådet er. Derfor blir det foreslått at det, i første omgang, éin gong i året skal skipast til ei fellessamling for, hovudsakeleg, kommunalsjefane i medlemskommunane. Samlinga skal byggast rundt eit eller nokre få tema som rådet meiner er relevant for alle kommunane å diskutere, som er eller bør setjast på dagsorden i kommunane. Det skal vere tid til drøfting, erfaringsutveksling og nettverksbygging.

Tema som kan takast opp på fellessamlingane kan til dømes vera forenklingar, standardisering og digitalisering, openheit og medverknad i kommunale prosessar, arbeid for å redusere sjukefråvær, rekruttering av fagkompetanse, forbetringar av plan- og byggesaksbehandling.

#### **Vurdering:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland kan ta ei større rolle for å legge til rette for endå meir samarbeid mellom kommunane. Det bør i første omgang leggjast opp til ei fast, årleg samling, der kommunalsjefane i kommunane kjem saman for å diskutere og utveksle erfaring om tema som er relevante for alle kommunane. Føremålet er å senke terskelen for å ta kontakt med kollegaar i andre kommunar, og bidra til meir samarbeid i det daglege arbeidet. Dette kan gi grobott for nye fellesprosjekt i rådet, og vonleg bidra til betre sakshandsaming og tenester.

Fellessamlinga kan gå over éin arbeidsdag, i første omgang gjennomførast éin gong i året, og event. gå på rundgang mellom kommunane.

Det må og takast stilling til om samlingane skal vera sektorbasert.

Rådmannsutvalet bør ta stilling til tema. Døme på tema kan vera:

- Beredskap
- Strandrydding
- Dela dei gode historiene
- Ei samling med andre diskusjonar enn dei vanlege - for å få informasjon og inspirasjon

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet vedtek å utvide samarbeidet mellom kommunane, og å gjennomføra ei årleg samling for kommunalsjefar og eventuelt andre leiarar som rådet meiner er relevante å involvera.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 21.juni 2019 kl. 09.30  
MCE, Etne

Sak 31/19  
GJG/rr

### UTVIDING AV SAMARBEIDSRÅDET

#### **Bakgrunn:**

I fellesmøte med stortings- og fylkestingsrepresentantar fredag 7. juni 2019 fremja fylkestingsrepresentant Geir Angeltveit forslag om at Samarbeidsrådet må utvidast til også å ha representantar frå parti som ikkje er representert i rådet med ordførar. Forslaget blei fremja under ymse, men var varsla til administrasjon og styreleiar pr. e-post i forkant av møtet. I e-posten skriv Angeltveit:

*«... me burde laga eit strategisk forum, der representantar frå alle parti i Sunnhordland som er representerte i fylkesting/storting, vart samla. Der ein bygde tverrpolitisk forståing og organiserte eit nettverk for påverknad inn i dei ulike partiorganisasjonane. Slik at det ved maktskifte lokalt, på fylket, eller nasjonalt er personar som har tråden i regionens utfordringar og kan utfordra, påverka og få støtte frå samarbeidsrådet i å formulera og pressa på.»*

I møtet understreka Geir Angeltveit at dette var eit forslag til drøfting, og at han ikkje tilrådde ei konkret organisering. Som eit innspel nemnde han at dei partia som kunne vore representert minst skulle ha medlemmar i to av kommunestyra i regionen eller på fylkestinget.

I fellesmøtet blei det semje om at forslaget vil verta handsama i rådet.

#### **Samarbeidsrådet for Sunnhordland**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av dei åtte kommunane i Sunnhordland, og rådet består av ordførar og rådmennene frå alle kommunane. Samarbeidsrådet følgjer dei same prinsippa som kommunal forvaltning, knytt til openheit, møteverksemd, osv. Rådet er likevel ikkje å rekne som eit folkevald organ etter kommunelova. Samarbeidsrådet er organisert som eit interkommunalt selskap.

Selskapsavtala legg følgjande føringar for organa i Samarbeidsrådet:

*Det høgast organet er representantskapet, som består av tre medlemmar frå kvar av deltakarkommunane og som er valde av kommunestyra for heile valperioden, jf. § 7.*

*Samarbeidsrådet skal ha eit styre som består av tre medlemmar, vald for heile fireårsperioden, jf. § 11.*

*Samarbeidsrådet som møteorgan er sett saman av ordførarane og rådmennene i eigarkommunane, jf. § 12.*



I tillegg har rådet etablert eit arbeidsutval som førebur saker til rådet.

Selskapsavtala angir korleis Samarbeidsrådet skal organiserast. Avtala har ingen føresegner som kan gi retning for handtering av problemstillinga som Geir Angeltveit tek opp. Sett i samanheng med korleis rådet fungerer, og føremålet etter § 2, så kan konklusjonen vere at Samarbeidsrådet ikkje er meint å ta omsyn til partirepresentasjon basert på oppslutnad ved val og representasjon i kommunestyra til eigarkommunane: At ordførarane i rådet representerer kommunen sin, og ikkje partiet sitt.

#### **Om forslaget:**

Geir Angeltveit grunngjev forslaget sitt med blant anna to problemstillingar:

Den eine er at summen av dei åtte ordførarane i rådet ikkje vil gjenspegle alle parti som finst i Sunnhordland. Det medfører at rådet sine medlemmar nødvendigvis ikkje vil ha partifeller i alle parti på sunnhordlandsbenken, verken på Stortinget eller fylkesting.

Den andre problemstillinga er at fellesmøta med stortings- og fylkestingspolitikarar, som samarbeidsrådet jamleg gjennomfører, kan stå utan deltakarar frå enkelte parti om medlemmane deira frå Sunnhordland ikkje blir valte inn på storting og fylkesting.

Forslaget hans kan difor forståast på to måtar:

1. Samarbeidsrådet som møteorgan blir utvida med fleire medlemmar.
2. Det blir etablert eit nytt utval i rådet («strategisk forum») som består av medlemmar frå alle parti.

Uavhengig av kva av desse to formane ein skulle velje, bør endring av eksisterande organ eller etablering av nye vedtakast av eigarkommunane.

#### **Vurdering**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland gjennomfører ei rekke møter med ulike deltakarar. Fellesmøta med sunnhordlandsbenkane på Stortinget og fylkesting er dei møta som i størst grad har funne ei fast ramme og som skjer jamleg. Det er og gjennomført fellesmøter med alle formannskapsmedlemmar i eigarkommunane.

Grunnen til at rådet arrangerer slike møte er for å gjennomføre oppgåvene som er heimla i formålparagrafen i Samarbeidsavtala, skape merksemd om viktige regionale saker, og gi informasjon om rådets arbeid. Det har ikkje til formål å etablere møteformar som kan likne på folkevalde organ med samansetnad etter partias oppslutnad i val.

Når Samarbeidsrådet handsamar forslaget til Geir Angeltveit må ein sjølvstøtt vurdere prinsipielle og formelle omsyn ved saka, og praktiske omsyn.

Praktisk tala handlar det om organisering og drift. Kostnader som ei gjennomføring vil medføre, uavhengig av metode, vil kunne dekkast ved auka påslag på kommunanes driftsløyvingar til Samarbeidsrådet. Det kan medføre behov for auka bemanning. Formelt vil det truleg vera behov for kommunestyrebehandling og tilslutnad, og det vil vere behov for å klargjere rammer og kompetansen til utvalet.

Prinsipielt så reiser det nokre spørsmål som er av stor betydning. Dersom eigarkommunane meiner at det er trong for representasjon som svarar på problemstillingane som Angeltveit reiser – i regi av

Samarbeidsrådet – så beveger ein seg i retning av eit mini-fylkesting med ein samansetning som liknar på eit folkevald organ. Formålet med at dette skal gi større påverknadskraft i fylkesting og Stortinget kan oppnåast – men det kan også vere uheldig fordi det kan flytte makt frå dei reelle folkevalde nivå som finst, og bli eit organ som ikkje er omfatta av lov, men som likevel, i kraft av samansetnad og medlemmanes forventingar og ambisjonar, kan fungere som eit organ med stor politisk påverknad og uformell mynde.

Forslaget kan også medføre at rådet blir ein arena for debattar prega av partiomsyn og polarisering, noko som kan utfordre og skade rådets evne til å gjere klare prioriteringar, stå saman og tale med éi røyst.

Administrasjonen meiner at det er viktig å ha den gode kontakten med alle som arbeider for Sunnhordland. Men når det kjem til Samarbeidsrådet, så er det kommunane, gjennom kommunevalet, som avgjer kva parti som blir ordførar og representerer kommunen. Det er viktig å halde fast på dei formelle sidene, rådet kan ikkje inkludera alle. Underskot på partirepresentasjon vil det alltid vera der det er demokratiet som vel. Selskapsavtalen regulerer representasjon i dei formelle organa i Samarbeidsrådet. Endring av den må opp i alle kommunestyre.

Administrasjonen meiner at Samarbeidsrådet kan ivareta dette ved å laga andre møteplassar slik rådet alt gjer.

#### **Framlegg til vedtak**

1. Samarbeidsrådet meiner at rådet gjennom eksisterande eller ved å utvikla nye møteplassar vil kunna dekke behovet for samarbeid med partia som ikkje er representert i Samarbeidsrådet eller på fylkestinget.
2. Samarbeidsrådet meiner at rådet ikkje skal utvidast med andre representantar enn ordførar og rådmann i kommunane.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 21.juni 2019 kl. 09.30

MCE, Etne

Sak 32/19

GJG/rr

### SKRIV OG MELDINGAR

#### a) Styrking av det regionale næringsfondet

Arbeidsutvalet drøfta i sitt møte, etter innspel frå ordførar Kåre Martin Kleppe, om det kan vera mogleg å få påfyll til det regionale næringsfondet frå andre enn HFK. Blant anna har Grunderparken i Os fått midlar til fond frå Sparebanken Vest. Administrasjonen vart beden om å sjekke ut om dette er mogleg.

#### b) Orientering frå møte med Atheno og Stord Næringsråd

I møtet vil styreleiar gje ein status frå møtet med Atheno og Stord Næringsråd vedr. eventuell samlokalisering.

#### c) Oppfølging frå møte i Kommunal og Moderniseringsdepartementet vedrørende Strandsone

Då Samarbeidsrådet var i møte i Kommunal og Moderniseringsdepartementet og orienterte om arbeidet med strandsoneprosjektet vart rådet oppmoda om å koma med innspel til departementet sitt arbeid med nye retningsliner.

Samarbeidsrådet har godkjent pr.mail at følgjande representantar utgjør ei arbeidsgruppe:

Ordførar Morten Storebø, ordførar Kåre Martin Kleppe og rådmann Olaug Haugen. Dagleg leiar Gro J Gjerde, sekretariat.

Framlegg til mandat:

*«Arbeidsgruppa skal gå gjennom dei statlege planretningslinjene for strandsona, vurdere kva konsekvensar dagens retningslinjer og praksis har gjennom ein del sentrale saker/ problemstillingar i regionen som viser forvaltning, og fremje konkrete forslag til forbetringar».*

#### d) Avvikling av koparnettet til Telenor

Telenor skal avvikla koparnettet. Det er gjennomført møter med alle kommunar. Det er uklarheit knytt til kostnadsfordeling for abonnentar som må over til andre løysingar. Arbeidsutvalet drøfta saka i sitt møte 7. juni, og rådmann Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune, føl dette opp på vegne av kommunane i regionen. I første omgang via rådmannsgruppa.

#### e) Arbeid mot Merket for bærekraftig reisemål

Eit av kriteria i første fase, for å få merket er at det må gjennomførast ei spørjeundersøking / kartlegging av hytter og fritidsbustader i regionen. Den er no gjennomført, og nokre av resultatane vil bli vist i møtet.

**f) Miljøsertifisering**

Administrasjonen har sendt søknad til Hordaland fylkeskommune om midlar til delfinansiering av arbeidet med å miljøsertifisera kommuneadministrasjonane i kommunane. Jon Erik Kvalheim i Stord kommune har sagt ja til å vera prosessleiar.

Administrasjonen / Visit Sunnhordland vart miljøsertifisert 29. mai.

**g) Konstituert sorenskrivar i Sunnhordland tingrett**

Domstol administrasjonen har endra vedtaket om felles leing mellom Haugaland og Sunnhordland tingrett. Dommar Frank Smith er konstituert fram til 31. oktober d.å. Då er et forventa at domstol kommisjonen kjem med si tilråding til ny struktur.

Samarbeidsrådet har saman med Hardangerrådet og andre arbeidd for å få til denne løysinga.